

REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I NGIR

Tid: 01.06.16, kl 11.30

Stad: Kjevikdalen

Desse representantane møtte:

Austrheim: Magnus Kvingedal, Hardy Pedersen
Fedje: -
Gulen: Lars Atle Larsen, Arnhild Kjellevold
Lindås: Nina Stabell Øvreås, Leidulv Brunborg, Leif Hosøy Sleire
Masfjorden: Egil Kvingedal, Janne Judith K. Sandnes
Meland: Tormod Skurtveit
Modalen: Liv-Anne Aanesen
Radøy: Leif Taule, Torill Helland
Solund: Linne Lending, Steinar Krakhellen

Frå styret:

Helge Fjellanger (leiar)

Frå administrasjonen:

Erlend Kleiveland (dagleg leiar), Hilde Lysø (ref.)

Frå Nordhordland Revisjonsdistrikt:

Reidar Bjørsvik

Møtet starta med mat.

Sakliste:

Sak 08/16 Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 09/16 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll
Sak 10/16 Meldingar
a) Diverse munnleg orientering
b) Avfallsmengder 2015
Sak 11/16 Årsrekneskap 2015
Sak 12/16 Årsmelding 2015
Sak 13/16 Honorar til revisor for 2015
Sak 14/16 Val av medlemmer og varamedlemmer i styret
Sak 15/16 Val av leiar og nestleiar i styret

Representantskapsleiar Liv-Anne Aanesen leia møtet, og starta med ein kort presentasjonsrunde.

Sak 08/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 09/16 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll

Framlegg i møtet: Tormod Skurtveit og Leidulv Brunborg skriv under protokollen, i tillegg til representantskapsleiar Liv-Anne Aanesen.

Framlegget vart samrøystes godkjent.

Sak 10/16 Meldingar

a) Diverse munnleg orientering

Planlagt etablering av deponi på Eikefet

Lindum AS og Oster Utvikling AS har søkt om oppstart av reguleringsendring av gjeldande reguleringsplan for steinuttaket i Eikefet og Urdal. Selskapa har ein intensjon om å danne eit felles selskap som skal drive deponering av massar i det eldste steinbrotet på Eikfet. Deponiet vil vera ein konkurrent til NGIR sitt deponi.

Knarvik gjenvinningsstasjon

Prospektet på sal er nesten klart. Det har teke ein del tid grunna rekkefølgekrev og kommunale føringar som måtte sjekkast nærare. Meklar opplyser at det er fleire interessantar allereie. Dersom sal vert gjort til takst eller høgare, vil dagleg leiar akseptera høgste bod. Dersom bod vert under takst, vil dagleg leiar leggja fram saka for styret.

Reinseanlegg i Kjevikdalen

Reguleringsplan for området vart godkjent i haust, men det har ikkje lukkast å koma i mål med kjøp av grunn, då prisforlangande har vore mange gongar høgare enn takst. Grunneigarar er varsla om at NGIR vil starta ein oreigningsprosess (etter vedtak i styret). Dei har i etterkant av dette kome med nytt utspel frå grunneigarar, som NGIR no vurderer.

Omlastingshall i Kjevikdalen

Ein held no på med skifting av plater og deler av tak etter brannen i haust. I samband med arbeidet skjedde det ei arbeidsulukke 27.05.16, der ein av NGIR sine tilsette vart lettare skadd. Han fekk ei veggplate i låret. Vedkomande gjenopptok arbeidet etter å ha vore til legesjekk og gjeve politiforklaring.

Kundeundersøking

NGIR har saman med mange andre renovasjonsselskap i Noreg fått gjennomført ei kundeundersøking. Resultata vart presentert, og viser at kundane er godt nøgd med tenestene NGIR tilbyr. NGIR scorar ikkje dårlegare enn gjennomsnittet på nokon av spørsmåla som vart stilt kundane. På informasjon scorar NGIR høgast i landet.

Store bilar og traktorar

Frå 01.05.16 er gjenvinningsstasjonane ikkje lengre opne for traktorar og store køyrety. Endringa vart gjort etter ei risikovurdering. Formannskapet på Radøy har kome med eit innspel der ein ber NGIR om å vurdere å opna for traktorar. Innspelet vil verta teke opp som sak på neste styremøte.

Transportanbod

NGIR har nyleg inngått kontrakt med RenoNorden vedrørende innsamling av hushalds- og næringsavfall med komprimatorbil for perioden 2017-2022 (+ 2 opsjonsår). Det var uvanleg stor prisforskjell mellom høgste og lågaste anbod som vart levert. Den kontrakten som no er inngått vil gje vesentleg lågare transportprisar både for hushald og for næring enn i gjeldande transportavtale.

Leif Taule hadde følgjande spørsmål/innspel:

- Kven vurderar og avgjer plassering av avfallskonteinarar med omsyn til trafikktryggleik?
Svar frå dagleg leiar: Når det gjeld plassering av hyttekonteinarar så vert dette vurdert av NGIR i samarbeid med kommunen og/eller vegmyndigheit. Det er næringskunden som avgjer plassering av konteinarar som næringskunden eig eller som dei leiger hjå NGIR. NGIR kjem med ein del innspel i samband med plassering av konteinarar ved skular og barnehagar.
- Kva gjer NGIR for å hindra/handtera forsøpling kring hyttekonteinarar?
Svar frå dagleg leiar: Transportør skal rydda rundt konteinarar i ein radius på 5 meter, dersom det er avfall som dei kan ta med seg på bilen. For andre typar avfall vil det alltid vera ei avveging av kva som er lurt; dersom ein ryddar vekk avfallet med ein gong, er dette eit signal om at ein kan setja avfall frå seg på utsida, det vert jo henta likevel. Dersom ein ventar med å henta avfallet er det lett for at andre også plasserer avfall på same plassen. Problemet er størst der det er spreidd hyttebusetnad, slik at ein må ha hyttekonteinarar plassert ved samlepunkt der mange passerer.
- NGIR bør kunna løysa utfordringane med tryggleiken på gjenv.stasjonane på ein annan måte enn å forby levering med traktorar og kjøretøy over 3,5 tonn.
Svar frå dagleg leiar: Saka vil verta drøfta med styret.
- NGIR gjer alt i alt ein god jobb, og distribuerar gode informasjonskriv m.v.

b) Avfallsmengder 2015

Erlend Kleiveland orienterte om mengder og samansetjinga av avfallet som NGIR tok hand om i 2015, både hushalds- og hytteavfall, og næringsavfall.

Representantskapet tok orienteringane til vitring.

Sak 11/16 Årsrekneskap 2015

Erlend Kleiveland gjorde kort greie for NGIR sine rekneskapsprinsipp, og dei økonomiske resultatata for 2015.

Resultat 2015

	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald	-kr 2 064 000	-kr 1 596 000	-kr 468 000
Verksemd	kr 641 000	kr 463 000	kr 178 000
Slam	kr 268 000	-kr 1 177 000	kr 1 445 000
Bilvrak	kr 63 000	kr 426 000	-kr 363 000
Totalt	-kr 1 093 000	-kr 1 884 000	kr 791 000

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad / netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2015 utgjer den 1,94 %. Sjå note 12 for utrekning av alternativkostnad.

NGIR har i 2015 investert i varige driftsmidlar for 1,5 millionar kroner. Investeringane er spesifisert i note 3 til rekneskapen.

Langsiktig gjeld per 31.12.15 er kr 47 304 000, ein reduksjon på kr 1 556 000 frå 2014. Eigenkapitalprosenten auka frå 54 % til 56 %.

Forplikingane til etterdrift ført som langsiktig gjeld auka med kr 745 000, medan pensjonsforplikingane auka med kr 1 675 000. NGIR hadde per 31.12.15 ei langsiktig lånegjeld på kr 33 787 500.

Rekneskapen gir eit rettvisebilde av egedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. Det er ingen forsknings- eller utviklingsaktivitetar bokført i 2015.

Det er i rekneskapen ikkje sett av midlar til etterdrift frå hushalda. Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad vert føreslege overført til etterdriftsfond, då dette er pengar som hushaldskundar betalar og som på grunn av regelverket rundt bruk av kalkulatorisk rente vert lagt til eigenkapitalen.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Bruk av utjamningsfond hushald	-kr 2 901 305	kr 2 900 631
Avsetjing til utjamningsfond slam	kr 314 832	kr 3 021 756
Avsetning til etterdriftsfond	kr 1 493 957	kr 14 329 016
Sum disponering	-kr 1 092 517	

Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad (kr 909 134) vert overført frå opparbeidd eigenkapital til etterdriftsfond.

Samrøystes tilrådd i styremøte 02.05.16.

Samrøstes godkjent av representantskapet.

Sak 12/16 Årsmelding 2015

Erlend Kleiveland gjorde kort greie for oppbygging og innhald i NGIR si årsmelding.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2015 fram for representantskapet for godkjenning.

Samrøystes tilrådd i styremøte 02.05.16.

Samrøstes godkjent av representantskapet.

Sak 13/16 Honorar til revisor for 2015

Nordhordland Revisjonsdistrikt har utført revisjon av føreliggjande forvaltnings- og rekneskapsdokumentasjon for NGIR. Kostnaden for 2015 er sett til kr 44 000.

Budsjetterte kostnader for 2015 var kr 46 000.
Kostnaden for 2014 var kr 43 000.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 44 000.

Samrøystes tilrådd i styremøte 02.05.16.

Samrøystes godkjent av representantskapet.

Sak 14/16 Val av medlemmer og varamedlemmer i styret

Oppstillinga under syner samansetjinga av NGIR sitt styre, med varamedlemmer, i dag. I parentes er oppgjeve kva år dei ulike medlemmene står på val.

Styremedlemmer:

Helge Fjellanger, Lindås (2016)

Kristin Handeland, Fedje (2016)

Vigdis Søvik, Masfjorden (2016)

Ottar Skjelvik, Meland (2017)

Kari Utkilen, Austrheim (2017)

Varamedlemmer:

1. vara: Martin Soltveit, Radøy (2016)

2. vara: Anne-Mette Dahl Andreassen, Gulen (2016)

3. vara: Kjetil Eikefet, Modalen (2016)

På konstituerande møte 14.03.16 gjorde representantskapet følgjande vedtak om valnemnd:

Valnemnda i representantskapet får følgjande medlemmer for perioden 2015-2019:

Hardy Pedersen (Austrheim)

Nina Stabell Øvreås (Lindås)

Egil Kvingedal (Masfjorden)

Varamedlemmer vert:

Linne Lending (Solund) – 1. vara

Ingmar Stuberg (Fedje) – 2. vara

Valnemnda hadde sitt første møte 07.04.16, og valde då Nina Stabell Øvreås til leiar, og Hardy Pedersen til nestleiar.

Valnemnda si vurdering

Gjennom samtaler med leiing og styremedlemmer er det valnemnda si oppfatning at det er eit godt samarbeidsklima mellom styret og den daglige leiinga i bedrifta, noko som er særskild viktig for eit velfungerande styre. Det er kanskje derfor 5 av 6 medlemmer/varamedlemmer har sagt ja til attval.

Styremedlem Vigdis Sjøvik, Masfjorden, har takka nei til attval. Valnemnda innstiller dermed sitjande 1. vara, Martin Soltveit, Radøy, som fast styremedlem.

Valnemnda har gjennom samtaler med varamedlemmer, og i søken på ny varamedlem, konkludert med at Kariann Ekren, Masfjorden, trår inn som 1. vara.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak

Styret i NGIR får følgjande samansetning etter årsmøtet 01.06.16:

Styremedlemmer:

Ottar Skjelvik, Meland (2017)

Kari Utkilen, Austrheim (2017)

Helge Fjellanger, Lindås (2018)

Kristin Handeland, Fedje (2018)

Martin Soltveit, Radøy (2018)

Varamedlemmer:

1. vara: Kariann Ekren, Masfjorden (2017)

2. vara: Anne-Mette Dahl Andreassen, Gulen (2017)

3. vara: Kjetil Eikefet, Modalen (2017)

Frå valet

Nina Stabell Øvreås orienterte om valnemnda sitt arbeid, og dei vurderingane som låg til grunn for valnemnda sitt forslag.

Ingen bad om at det vart gjennomført skriftleg val, og det kom ingen forslag på andre kandidatar.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke av representantskapet.

Sak 15/16 Val av leiar og nestleiar i styret

Styret hjå NGIR har i dag følgjande leiing:

Helge Fjellanger, Lindås, styreleiar

Ottar Skjelvik, Meland, nestleiar

Valnemnda si vurdering

Val av styreleiar

Valnemnda vil etter samtaler både med styreleiar, nestleiar i styret og dagleg leiar gjera innstilling om at sittande styreleiar Helge Fjellanger vert attvald som styreleiar for neste periode.

Grunngjevinga for innstillinga er at valnemnda etter samtaler med styreleiar er av den oppfatning at Helge har god kjennskap til bedrifta, kompetanse og leiarerfaring til å føra vidare dei strategiar som styret har starta på.

Val av nestleiar

Valnemnda vil etter samtaler både med styreleiar og nestleiar gjera innstilling om at sittande nestleiar Ottar Skjelvik vert attvald som nestleiar for neste periode.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Helge Fjellanger, Lindås, vert attvalt som leiar i NGIR sitt styre for eitt år.

Ottar Skjelvik, Meland, vert attvalt som nestleiar i NGIR sitt styre for eitt år.

Frå valet


Nina Stabell Øvreås orienterte om valnemnda sitt arbeid, og dei vurderingane som låg til grunn for valnemnda sitt forslag.

Ingen bad om at det vart gjennomført skriftleg val, og det kom ingen forslag på andre kandidatar.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke av representantskapet.

Helge Fjellanger takka for tilliten som vart vist han og resten av styret. Han gav uttrykk for eit godt samarbeid i styret, og han takka administrasjonen for god og grundig saksførebuing til styremøta. Helge Fjellanger orienterte i tillegg representantskapet om strategiprossessane styret har jobba med, kva overordna prioriteringar styret jobbar etter, og kva hovudtema styret har fokus på.

Kjevikdalen, 01.06.16




Liv-Anne Aanesen

- leiar i representantskapet -



Tormod Skurtveit

- representantskapsmedlem -



Leidulv Brunborg

- representantskapsmedlem -

